Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 37/17

Sak nr.: 2017/1380

Møte: 29.03.2017

UTLYSING - FØRSTEAMANUENSIS (50 %) I HELSEFAG (MANUELL TERAPI) VED INSTITUTT FOR GLOBAL HELSE OG SAMFUNNSMEDISIN

Ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin er det ledig 2 x 50 % fast stilling som førsteamanuensis i helsefag (masterprogram i manuell terapi). Dei to stillingane vil ha noko ulikt innhald og ulikt krav til utdanning, og er difor registrert som to separate saker. Stillingane er finansiert over grunnbevillinga. Utlysing er i samsvar med fakultetets og instituttets rekrutteringsplan for vitskaplege stillingar.

Instituttet ber i brev av 24.1.2017 om å lyse ut ei fast 50 % stilling som førsteamanuensis i helsefag, knytt til klinisk masterprogram i manuell terapi. Fagområdet for stillinga er knytt til muskelskjelettplager, laserbehandling og ultralydsavbilding. Det er krav om norsk ph.d.-grad i relevant fagområde, norsk autorisasjon som fysioterapeut og utdannings-/forskingsbakgrunn innan muskel- og skjelettlidingar.

Forslag til vedtak

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å lyse ut ei fast stilling som førsteamanuensis (50 %) i helsefag (klinisk masterprogram i manuell terapi) ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin. Fagområdet for stillinga er knytt til muskel- skjelettplagar, laserbehandling og ultralydsavbildning.

2. Dekan får fullmakt til å gjere endringar i teksten i samsvar med gjeldande standard for utlysing og stillingsomtale.

Inger Hjeldnes Senneseth
fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
rekrutteringssjef

26.01.2017 /ELSØ

Vedlegg:
Anmodningsbrev frå institutt
Utlysingstekst og stillingsomtale på norsk

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for global helse og samfunnsmedisin

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
2017/1380-ELSØ	15.02.2017

Utlysing - førsteamanuensis (50 %) i helsefag

Professor Alice Kvåle har sagt opp si stilling med siste arbeidsdag på instituttet 1.7.2017. Institutt for global helse og samfunnsmedisin ynskjer å lyse ut 2 x 50 % stilling som førsteamanuensis i helsefag (masterprogram i manuell terapi). Dei to stillingane vil ha noko ulikt innhald og ulikt krav til utdanning, og anmodning om utlysing er difor registrert som to separate saker i ephorte.

Denne anmodninga om utlysinga gjeld ei fast 50 % stilling som førsteamanuensis i helsefag, knytt til klinisk masterprogram i manuell terapi. Fagområdet for stillinga er knytt til muskelskjelettplager, laserbehandling og ultralydsavbilding. Det er krav om norsk ph.d.-grad i relevant fagområde, norsk autorisasjon som fysioterapeut og utdannings-/forskingsbakgrunn innan muskel- og skjelettlidingar.

Stillinga er finansiert over annuum.

Vedlagt er utlysingstekst og stillingsomtale.

Venleg helsing

Guri Rørtveit
instituttleiar

Siri Smith
administrasjonssjef

vedl.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for global helse og samfunnsmedisin Telefon	Postadresse Postboks 7804 5020 BERGEN	Besøksadresse Armauer Hansens Hus Bergen	Sakshandsamar Eldbjørg Sanden Søvik +47 55 58 61 42

Vedlegg

1 Utlysingstekst

2 Finansiering ok

Førsteamanuensis (50 %) i helsefag (klinisk masterprogram i manuell terapi)

Ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, Det medisinsk-odontologiske fakultet, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis (50 %) i helsefag (klinisk masterprogram i manuell terapi).

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finna lenger nede på denne sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga får ein ved å kontakte professor Jan M. Bjordal, tlf.: 55 58 60 37, e-post: Jan.Bjordal@uib.no

Kvalifikasjonar

Søkjar må ha norsk ph.d.-grad i relevant fagområde eller tilsvarande kompetanse. Det er krav om norsk autorisasjon som fysioterapeut og utdannings-/forskingsbakgrunn innan muskel/skjelett-lidingar. Undervisningsspråket er i hovudsak norsk. Den som vert tilsett, må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk, og inneha formelle pedagogiske kvalifikasjonar innan universitetspedagogikk/rettleiing. Dersom søkjar ikkje har dei pedagogiske kvalifikasjonar som trengs, må søkjar forplikte seg til å gjennomføre pedagogisk utdanning innan to år etter tilsetjinga. Kurs vert tilbode.

Søkjar skal initiere og leia forsking, publisere forskingsresultat, drive forskingsrettleiing, utføre studieadministrativt arbeid, ha ansvar for utvikling og gjennomføring av emnekurs, utføre undervisning og eksamensarbeid, og ta på seg administrative oppgåver etter dei til ein kvar tid gjeldande reglar.

Det vert lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Løn

Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59-62 (kode 1011/lønsramme 24.3-24.6), for tida 503 800 - 535 900 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling, i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Vi kan tilby

Eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver på eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt, faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling, ein god pensjonsordning i Statens pensjonskasse, gode velferdsordningar og stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd

(IA-verksemd).

Du kan lese meir om kva Universitetet i Bergen kan tilby som arbeidsgivar ved å gå inn på nettsida: http://www.uib.no/poa/74687/hva- kan-universitetet-tilby-sine-medarbeidere

Retningsliner

Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervising og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida. Legg ved:

- CV
- vitnemål og attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- ei liste over vitskapelege arbeid (maks 10) du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- publikasjonar (pdf)

Det er særs viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til

søknaden.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Nærare om tilsetjingsprosessen her.

Stillingsomtale

Ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, er det ledig fast 50 % stilling i helsefag (klinisk masterprogram i manuell terapi). Stillinga vil vere knytt til Faggruppe i fysioterapivitenskap og Forskingsgruppa i fysioterapi.

Muskelskjelettplagar, laserbehandling og ultralydsavbilding er sterke forskingsområder i gruppa. Ein poliklinikk med apparat for ultralydsavbilding og smertemåling er ei viktig eining i forskingsinfrastrukturen. Undervising og rettleiing er i hovudsak knytt til klinisk mastergradsprogram i manuell terapi og masterprogram i helsefag, studieretning fysioterapivitskap. Søkjar må kunne bidra med relevant forsking, undervisning og rettleiing av masterstudentar og ph.d.-kandidatar på dagleg basis.

Det er krav om utdanningsbakgrunn i fysioterapi. Den som vert tilsett må ha norsk ph.d.-grad i relevant fagfelt eller tilsvarande kompetanse. God evne til kommunikasjon og evne og vilje til samarbeid vert vektlagt særskilt. Søkjar bør ha fagleg og pedagogisk erfaring med ansvar for emne og vidareutvikling av emne som inngår i fysioterapirelaterte mastergrader. Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett vil og kunne verte pålagt å delta i instituttet si generelle undervisning på lågare grad, og i arbeid på instituttet elles. Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett og verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggas reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjar må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar.

Dette kan ein til dømes gjere ved å sende inn:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og –nivå
- oversyn over mastergrad- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av vurdering av ei vitskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju, kontakt med referansar og eventuell prøving av undervisningskompetanse.